

Dato: 03.02.2017  
Vår ref.: 2016/2550-19  
Saksbehandlar: elibjor  
Dykkar ref.:

## Evaluering av museumsreforma i Hordaland – informasjon i samband med spørjeundersøking om KABUSO

Hordaland fylkeskommune er i gang med evaluering av museumsreforma. Fylkestinget har løyvd midlar til ekstern gjennomføring. Agderforskning AS skal utføre oppdraget.

Evaluering av Hordaland fylkeskommune sin tusenårsstad Kabuso er eit av sju tema som Fylkestinget vil at ei slik undersøking skal ha særleg fokus på.

I den politiske saka står mellom anna dette:

«Fylkeskommunen tok eit stort ansvar i arbeidet med Tusenårsstaden Kabuso i Øystese, eit senter av nasjonal tyding, open for internasjonale kulturimpulsar. Fylkesdelplan for museum (2005-2008) slo fast at Tusenårsstaden skulle gå inn i konsolideringa med musea i Hardanger som ei styrking av det regionale kunst- og kulturlivet. I 2007 vart Kabuso overdrege frå Hordaland fylkeskommune til dåverande Hardanger museum. Følgjande målsetting vart formulert for Kabuso: "Det konkrete uttrykket for Hardanger som tusenårsstaden i Hordaland skal manifesterast i eit kunst- og kultursenter i Øystese, som med bakgrunn i fortida skal spegla samtida og vera ein møteplass for alle. Tusenårsstaden skal vera eit senter der kunst- og kulturytringar vert formidla på eit profesjonelt nivå, og der kunsten kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda ute." Gode samarbeid med eksterne produksjonsmiljø, kunst-, musikk- og utstillingsfagleg ekspertise er eit middel for å drive Kabuso vidare fram som kunstinstitusjon med høg kvalitet. Det er no gått nær 10 år sidan Kabuso vart etablert som ein del av Hardanger og Voss museum. For Hordaland fylkeskommune som eigar vil det vere viktig å sjå om og korleis målet for verksemda er oppfylt i den noverande organiseringa.»

Lenkja under går til den politiske saka. Her kan ein lese meir om evalueringa.

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=5498&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=156260>

**Agderforskning vil sende ut eit spørjeskjema til Dykk med svarfrist 13. februar.** Vi vonar at De ser positivt på at Agderforskning tar kontakt. Innspel frå Dykk vil vere viktige bidrag i regionale og nasjonale diskusjonar om museumsfeltet.

Ta gjerne kontakt dersom De har spørsmål eller ynskjer meir informasjon. Vår kontaktperson er Elisabeth Bjørsvik, [elisabeth.bjorsvik@hfk.no](mailto:elisabeth.bjorsvik@hfk.no), tlf. 55 23 91 94.

